



Ida Røsland (til høgre) vart trekt ut til å vera med på kretslaget. Her saman med Linn Tveiten som også fekk ein plass på laget.

**14 år gamle Uskedalsjenta Ida Røsland fekk sist veke ei gledeleg melding; ein skikkeleg førjulspresang. Ho vart innkalla til kretslagssamling for Hordaland Fotballkrets sitt jentelag f.92. Det er eit trongt nålauge ho har kome gjennom. I den 18 jenter store troppen er det berre 3 jenter frå klubbar i Sunnhordland. Det skulle sei alt om kor vanskeleg det er å koma med.**

Laget hadde si første samling på Lyngbø idrettspark sist laurdag. I tillegg til Ida var og den jamgamle lagvenninna Linn C. Tveiten på samlinga. I følgje rapportane hadde dei ein fin og inspirerende dag på treningsfeltet. Dei var godt fornøgde etter treningsøkta. No kan dei sjå fram til fleire samlingar og kampar i kretsen sin regi.

Ida og Linn har vore støttespelarar på det gode J-14-laget til Rosendal/Uskedal. Dette laget gjorde det mellom anna svært godt i Norway Cup i august då dei spela seg heilt fram til semifinale. Begge var og, trass i sin unge alder, sentrale då Rosendal/Uskedal sikra seg kretssmeisterskapet for jenter 16 år sist sesong. Som dei yngste på banen imponerte dei både med solid spel og scoringar.

Ida kjenner vi som ein ruvande, solid og taklingssterk midtstoppar medan Linn er blitt kjent for å dominera kampar frå si sentrale midtbanerolle.

Ida Røsland er ei allsidig idrettsjente. I tillegg til fotball har ho gode resultat å visa til både i langrenn og friidrett. Også på krets nivå. Vi trur ho får ei fin framtid som idrettsutøvar, og ønskjer både henne og Linn lukke til på dei ulike arenaer.

Av Thor Inge Døsland